

Referat SU, 26.08.25

1. Frå FAU

- Skulegensar: jobbar for å få utkast klart til foreldremøtet slik at ein kan ta i mot bestillingar.

2. Skulen

- Leksefri: NSO innfører eit forsøk med leksefri skule i ein prøveperioden fram til jul. Men dette skal supplerast med eit gjennomtenkt system for skullearbeid som ikkje utelukker noko arbeid heime av og til. Både FAU og skulen meiner at lesing bør gjerast også heime. Skulen kan t.d. lage aktiviteter som lesebingo, leseveker og andre lesekonkurransar – der ein også skal lese heime.
- Økonomi: Jobbar med budsjett for neste år.
- Midler til bibliotek: NSO har fått ca. 120 000,- som ekstra tidsressurs. FAU foreslår oftare måndagsope bibliotek som eit tiltak.
- SFO-omlegginga: SFO har flytta frå kjellaren til 1.- og 2. trinn-romma + mat og helse-området. Oppstart har gått ok, og dei tilsette arbeider saman med tilsette på den nye barnehageavdelinga med å småjustere og optimalisere organiseringa.

3. Barnehagen

- Omorganiseringa: Går veldig fint og samarbeider godt med hovudbygget og passar på at barn og tilsette opplever at det framleis er ein barnehage (med bl.a. felles utetid og hyppige besøk). Avdelingane har fått nye namn – Tangen, Fiskåna, Lysåsen. Foreldra verkar nøgde med den nye avdelinga
- Utstyr: Nye garderobar kjem før haustferien, det er kjøpt inn noko nytt utstyr
- Økonomi: Sektoren skal spare, kan bli sommarstengt eit par veker
- Vikarbehov: Det er diverre ein del sjukmeldingar, og behov for vikarar. Vikarane er gode, men ingen kan heile veker, og ein må difor legge eit puslespel
- Til skulen: Ønsker meir hjelp av mellomtrinnselevar i storefri – skulen tar forespurnaden med vidare